



---

## Notat

---

Til: Daniel Muri, Erik Rune Brendefur, Karin Sæten, Karsten Sæten, Kjell Haugen, Knut Johan Tjugen, Målfrid Karin Romsøe Sæten, Oddvin Arne Auflem Tjugen, Per Helge Bø, Ragnar Sæten, Stein Ove Sæten

Kopi til: Geirmund Dvergsdal, Odd Rønningen

---

**Vår sakshandsamar:**  
Ellen Kirkeeide

**Vår ref:**  
17/2100-13

**Dato:**  
17.01.2019

---

## Referat frå arbeidsmøte med grunneigarane på Tyva, Haugen og Sæten.

### Loenvatn Ferisenter onsdag 16.01.19 kl 20-22

Frammøtte frå grunneigarane: Kjell Haugen, Mariann Haugen, Knut Tjugen, Lill-Berit Tjugen, Oddvin Auflem Tjugen, Karin Auflem Tjugen, Lene Auflem, Andre Moen, Karin Sæten, Bjørn Solvik, Kåre Sæten, Daniel Muri, Ragnar Sæten, Målfrid Sæten, Stein Ove Sæten, Kari Sæten, Karsten Sæten.  
Frå Loen Active: Per Helge Bø og Erik Brendefur  
Frå Stryn kommune: Geirmund Dvergsdal, Odd Rønningen, Ellen Kirkeeide

Geirmund Dvergsdal innleia møtet, og viste til utsend sakliste.

### Ferdeslsrestriksjonar på Breng:

Det som er viktig å få regulert er telting, parkering, toalett, søppelhandtering/forsøpling og bruk av open eld og grill. Grunneigarane ynskjer å ta i mot turistar, men det må vere i regulerte former. Slik det er no er eigarane fortrenge bort både frå setra og badeplassen. Det er eit stort problem med forsøpling, mest i form av avføring over alt.

På kort sikt er målet å få til ei mellombels ordning som kan gjelde frå 2019. På lenger sikt må ein få til meir permanente ordningar.

Aktuelle verkemiddel er forskrift etter friluftsløva som regulerer bruken innafor eit avgrensa område, eventuelt i kombinasjon med reguleringsplan for tilrettelagt parkering og badeområde.

Ei forskrift kan utarbeidast administrativt av kommunen og skal leggest fram for politisk godkjenning. Deretter må fylkesmannen godkjenne forskrifta. Dette kan ein få til før sesongen 2019, helst før 1. mai. Reguleringsplan tek noko lenger tid, og må finansierast privat eller offentleg.

Kart som viser forslag til avgrensing av område for Breng vart utdelt. Grunneigarane var i hovudsak samde i avgrensingane. Det er ynskje om at badeplassen skal kunne nyttast for ålmenta , også til grilling og bål. MEN ein ynskjer ikkje telting på denne plassen. Det må lagast spesielle reglar for

badeplassen. Det kan lagast til eigne bålplassar, og dermed regulere bålbreining/grilling på den måten. Det vart stilt spørsmål om kommunen kan overta badeplassen og regulere området og stå for drift av toalett. Kommunen ser på det som ei aktuell løysing.

Lunneplassen nord for elva kan brukast til parkering i 2019, men denne vert ofte brukt i samband med reparasjon av skogsveg mm om sommaren. Så det er i utgangspunktet ikkje ynskje om permanent parkeingsplass der. Det er ikkje problem å lage til parkering ovanfor vegen ved badeplassen på sikt. Det vart diskutert korleis ein skulle ordne parkering for korte foto-stopp, både for bussar og småbilar. Parkering langs vegen skapar farlege situasjonar. Forslag om å rive fellesfjosen og lage parkeringsplass på tomte vart godt motteke, og grunneigarane vart samde om det. Søknad om riving må sendast til kommunen, innehalde plan for handtering av rivingsavfall, og gjerne kart og bilde. Det er ikkje ynskje om å ta parkeringsavgift i første omgang. Tidsavgrensa parkering er ynskjeleg, og det må vurderast korleis det kan gjennomførast. Vegvesenet må godkjenne parkeringsløysinga inntil fylkesvegen, det er usikkert om dette blir klart til sommaren 2019. I rasutsetteområde kan det vere vanskeleg å få godkjent parkeringsplass av ein viss storleik.

Det kom forslag om å bygge bru over elva frå lunneplassen, og på den måten gje turistar og andre tilgang til Breng-området derifrå. Fare for ras i elva gjer at det ikkje vart gått vidare med den ideen. Om dette kan løysast ved ei flyttbar bru kan eventuelt ein ta opp att i samband med reguleringsplan.

Framlegg til restriksjoner eller andre tema til forskrifta, utanom til det som kom fram på møtet, må sendast til kommunen før 1. februar.

#### **Parkering og toalett mm på Tyva:**

Reguleringsplan for området må i alle tilfelle utarbeidast på grunn av område for vassinntak/drikkevasskjelde. Det må avgjerast kva denne planen skal omfatte, og om dette planarbeidet kan kombinerast med behova for avklaring av problemstillingar i samband med turisme.

Stor utfart til Skåla gjer at parkeringsplassen på eigedomen til Oddvin Auflem Tjugen somme dagar er for liten. Det vert løyst ved at ein tek i bruk dyrka mark. Det er ynskje om betre system for parkering, og regulering av av- og påkøyrse. Det kan vere kaotiske tilstander når trafikken er på det største.

Det er eit stort problem med avføring langs råsa og elles i området. Også ved Skålavatnet er dette eit problem. Avføring ved vatnet og elva er spesielt alvorleg sidan dette er drikkevasskjelde. Det bør absolutt vere eit toalett på denne plassen, og det er også teke med i gjeldande reguleringsplan. Sjølv om campingplassen let forbifarande bruke toaletta, er ikkje det tilstrekkeleg. Det vart ein del diskusjon om kva tilbod ein ynskjer å ha på Tyva, og ein vart samde om å ta att dette med grunneigaren.

Ei midlertidig toalettløysing på Tyva må vere på plass frå mai 2019.

#### **Felles utfordringar:**

Sykkeltutleige har vore nemnt som aktuelt tilbod. Bakgrunnen er at ein på den måten kan redusere biltrafikken til Lodalen. Loen Active advarte mot å legge til rette for slik aktivitet. Det er for stor bil- og busstrafikk og for dårlege vegar til at dette kan marknadsførast som eit tilbod.

Ei problemstilling som vart diskutert, er om restriksjonar på Breng skapar problem lenger opp i dalen. Det kan skje. Det er viktig med god informasjon og skilting ved inngangen til dalen, gjerne på fleire stader.

Infotavle er naturleg å plassere i samband med parkeringsplass og toalett. Fleire stader kan nyttast til info-tavler og parkering. Infotavle ved Joker-butikken er aktuelt. Lofossen vart trekt fram som ein aktuell stad for både parkering, toalett og infotavle. Info-tavle kan i tillegg settast opp på Breng og Tyva.

Helsing  
Stryn kommune, Avdeling plan og næring

Ellen Kirkeeide  
landbrukssjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*